



Øystre Slidre kommune  
- *rein naturglede!*

## Beitebruksplan for beiteområda i Øystre Slidre kommune



**2025 – 2029**

Vedteken i kommunestyre 03/04-2025

# Innhold

Samandrag.....	2
Innleiing .....	4
2. Bakgrunn for arbeidet / målsetjingar med planen .....	7
3. Gjennomføring av arbeidet – planprosessen .....	9
4. Bruken av utmarka .....	9
4.1. Historisk utvikling i bruken av utmarka.....	15
4.2. Naturgrunnlaget .....	18
4.3. Klimatiske tilhøve .....	20
4.4. Beiteretten / organisering av beitebruken.....	21
4.5. Vurdering av beitekapasiteten / potensialet .....	25
4.6. Andre tilhøve med relevans for planen.....	27
4.6.1. Attgroing og beiteutvikling over tid .....	28
4.6.2. Stølar / Jordbruksareal i beiteområda .....	29
4.6.3. Omsynet til rein og hjortevilt .....	30
4.6.4 Rovdyr .....	31
4.6.5 Tekniske inngrep (fritidsbusetnad og turisme) .....	32
4.6.6. Verneområde/-interesser .....	33
4.6.7. Karbonbinding, CO <sub>2</sub> og klimapåverknad .....	34
4.6.8. Informasjon og kommunikasjon .....	35
4.6.9. SMIL – Ordninga.....	35
4.6.10. Beitebruk – Elektronisk overvaking.....	36
4.6.11. Beitebruk - Sperregjerder.....	37
4.7 Lovverk .....	37
4.7.1 Beiterett.....	39
4.7.2 Gjerder .....	40
4.7.3 Bandtvang.....	41
4.8. Kommuneplanens arealdel og omsynssoner.....	41
5. Tiltaksdel 2025-2029.....	44

5.1. Utgreie behovet for sperregjerder, klargjering av ansvar (eigar, vedlikehald) og finansiering av slike tiltak.....	44
5.2. Geit som kulturlandskapsprosjekt.....	45
5.3. Utarbeide og vedta Beredskapsplan .....	46
5.4. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid .....	46
5.5. Prosjekt sambeiting .....	47
5.6. Komplettering av vegetasjonskartlegging .....	47
5.7. Beiterydding – Beitefremjande tiltak .....	48
5.8. Aksjon for fjerning av farlege gjerde .....	48
5.9 Utforming av omsynssone landbruk .....	48
5.10 Utgreie korleis sikring av drikkevasskjeldene vil påverke beitebruken og korleis beitebruken påverkar drikkevasskjeldene .....	49
5.11. Prosjekt saltautomat og oppsamlarar .....	49
5.12. Elektroniske beiteklaver .....	50
5.13. Beredskapstelefon og tilsynsgjetar .....	50
5.14. Årlege møter med beiteutvalet .....	50
5.15. Kurs om rettigheter og plikter i Statsallmenningen .....	51
5.16. Kadaverhundekvipasje i Valdres.....	51
6. Litteratur.....	51

## **Samandrag**

Beitebruksplanen gjer greie på beitesituasjonen slik han er i dag, og baserer seg på tilgjengeleg og innhenta kunnskap. Nokre av dei utfordringane beitenæringa møter blir drøfta. Avslutningsvis er det ein tiltaksdel med ein handlingsplan med konkrete tiltak for 2025 – 2029.

Beitebruksplanen skal vere eit grunnlag for beiteforvaltning i utmarka. Tiltak som er lagt inn i planen er ein kombinasjon av tiltak som skal gjennomførast av beitelag, beiteutval og kommunen. Den praktiske gjennomføringa av beitedrifta vil ligge til beitelaga. Øystre Slidre kommune er eigar av planen, og er ansvarleg for framtidig rullering.

Øystre Slidre har eit totalareal på 963 km<sup>2</sup>, av dette er 886 km<sup>2</sup> landareal (frå 01.01.21 er arealet utvida med ytterlegare 6 km<sup>2</sup> i Skjel). Det er 84 km<sup>2</sup> ferskvatn (9 %), 29,9 km<sup>2</sup> jordbruksareal (3 % av kommunens landareal) og 117,4 km<sup>2</sup> produktiv skog (12 %).

Talet på driftseiningar med husdyr i kommunen har gått noko ned. Det same gjeld talet på driftseiningar med sau, sjølv om talet på sau i utmarka har vore relativt stabilt sidan midt på 90-talet, med omkring 7000 sau/lam på beite. Talet på driftseiningar med geit og storfe har halde seg oppe. Som elles i landet er det ein nedgang i talet på mjølkekyr, og ein auking i talet på ammeky whole="1"/>

Sjølv om det er ein nedgang i aktive stølar, er Øystre Slidre kommune framleis ein av dei største stølskommunene i landet. I 2024 vert stølskulturen ein del av UNESCO si verdsarvliste over immateriell kulturarv. Denne anerkjenninga gir ein moglegheit til å styrke og bevare tradisjonelle driftsmetodar.

Delar av utmarksbeitet i Øystre Slidre er vegetasjonskartlagt, og beiteressursane er talfesta av NIBIO. Omkring 300 km<sup>2</sup> vart kartlagt i 2019. Mykje av det same arealet (230 km<sup>2</sup>) vart kartlagt i 1970/71. Vi veit at endringar i utmarka skjer over tid og her får vi fram utviklinga over 50 år mellom kartleggingane. Metoden er i hovudsak den same som vart utvikla av Bjør og Graffer på 60-talet, forenkla med bruk av prøveflater og statistisk tilnærming.

For Øystre Slidre er no nær ¼ av totalarealet eit potensielt areal for attgroing. Det betyr at ei sterk landskapsendring er på gang, dersom beitetetrykket blir for lågt i kombinasjon med lite bruk av andre skjøtselstiltak.

Beitekartlegginga syner at omlag halvparten av beitepotensialet i Øystre Slidre blir nytta. Det er omtrent som gjennomsnittet for Innlandet, men lågare enn i resten av landet.

Innanfor rimelege grenser er eit stort dyretal og relativt høgt beitepress positivt for beitekvaliteten og kulturlandskapet. Intensiv beitebruk kan føre til utfordringar i området med hytteutbygging og stor turisttrafikk, og eventuelt gje gjera forynging av skog vanskeleg.

Øystre Slidre er ei stor hyttekommune med fleire utbyggingsområde. Det er særleg stor aktivitet i området rundt Beitostølen. Berggrunnen tilseier at dette er noko av det mest næringsrike området og med den frodigaste vegetasjonen. Det kan vere utgangspunkt for konfliktar mellom beitenæring og fritidseigedommar. Sperregjerde eller inngjerding av hyttene er aktuelle tiltak, men må nedfallast i reguleringsplanar. Bruk av elektroniske klavar er interessant i framtida, og bør kunne nyttast meir i ulike samanhengar. I førre planperiode har dette vore testa. Øystre Slidre er òg ei «nasjonalparkkommune».

Plassering i forhold til nasjonalparkane Langsua og Jotunheimen gjer kommunen til eit mykje besøkt turistmål.

## **Innleiing**


I tråd med kommunen sin planstrategi (2024) vert det vedteke at Beitebruksplanen 2021-2025 skal reviderast. Formålet med denne planen er å sikre best mogleg utnytting av beiteressursane i området, samtidig som ein tek omsyn til andre viktige interesser. Planen byggjer på faktorar som historikk, klima, naturgrunnlag og beitekapasitet, medan handlingsdelen vert tilpassa fortløpende etter behov. Dette er den andre beitebruksplanen i kommunen, kor planen skal oppdaterast kvart fjerde år med ein årleg revidering av handlingsplanen i samband med kommunebudsjettet. Formålet med beitebruksplanen er å setje beitenæringa og landbrukets bruk av utmarka i fokus.

Øystre Slidre kommune har i sin landbruksplan 2009-2012 nedfelt som hovudmål B; å utvikle og styrkje landbruket i kommunen. Delmål B2 er å «styrkje og utvikle stølsdrift


som ei lønnsam og berekraftig driftsform» og delmål B3 er å «styrke beitebruken i kommunen». Desse måla er vidareført i beitebruksplanen.

I Øystre Slidre kommune blir jordbruksareala i hovudsak nytta til grovfôrproduksjon (83,4 %) og som innmarksbeite (16,5 %), medan korndyrking nærmast er fråverande. Klimaforholda i området gjer det likevel mogleg å dyrke bygg, noko som gjer at ein kan nytte krossing av korn til eige kraftfôr, særleg for gardsbruk som har «overskotsareal».

Øystre Slidre kommune har i fleire omgangar fått utarbeidd vegetasjonskart. Eit vegetasjonskart gjev ein oversikt over vegetasjonstypar og informasjon om variasjonen i økologiske faktorar som klima, næring og vassforhold i jorda, i tillegg til snødekkje og kulturpåverknad i eit område. Vegetasjonskarta kan vidare vurderast for ressursutnytting og bruk, som til dømes beite, bereevne og artsmangfald. Dei fyrste kartleggingane vart gjennomført allereie i 1970, kor same området vart «retaksert» i 2013. I tillegg vart det kartlagt to prøveflater, som grunnlag for NIBIO sin rapport nr. 07/2013. Denne kartlegginga dekkjer hovudsakleg området sørvest i kommunen (figur 1). I 2020 vart 70 km<sup>2</sup> ved Skaget, nordaust i kommunen, kartlagt, og gav grunnlag for NIBIO sin rapport nr. 85/2021 (figur 2). Framleis er det store delar av kommunen som ikkje er kartlagt.



Figur 1: Området er vegetasjonkartlagt av NIBIO (skog og landskap) fleire omganger: 1970, 1971, 2009, 2012, 2014 og 2019.



Figur 2: Området som vert vegetasjonskartlagt av NIBIO i 2020.

Øystre Slidre er av dei største stølskommunane i Noreg, med mjølkeproduksjon på 54 stølar i 2024. Dette er ei liten auking frå 2020, då det var 51 aktive stølar med mjølkeproduksjon. Landbruket har på ein god måte forvalta utmarka over lang tid, og kulturlandskapet er eit resultat av denne bruken.

Mjølkeproduksjonen ligg på rett over 5 mill. liter kumjølk årleg i 2023. Dette er ein nedgang frå 2020, da det låg på om lag 6 mill. liter kumjølk årleg. Avdråttsauke gjer at det er færre mjølkekryr og driftseiningar enn tidlegare. Frå år 2000 er talet på bruk med kumjølk redusert frå 114 til 46 i år 2024. Talet på mjølkekryr er i same periode redusert frå 1204 til 859. Besetningane har i gjennomsnitt auka frå 11 til 18,6 mjølkekryr. Som elles i landet ser vi nedgang i talet på mjølkekryr samtidig som talet på ammekryr aukar. Totalt 37 ammekryr registrerte i år 2000 er i ØS auka til 486 ammekryr i 26 besetningar på siste teljing i 2024, som gjev ein gjennomsnittleg besetningsstorleik på 18 ammekryr. Det var 7 geitebesetningar med 642 mjølkegeiter i år 2024.

Storfe på beite (gjennom organisert beitebruk) har auka frå 150 i 2000 til 834 i 2023. Gjennomsnittleg størrelse på sauebesetningane i år 2000 var på 56 vinterfôra (v.f.) sau og i 2024 på 82 v.f. sau. Talet på sau har halde seg relativt stabilt dei siste 20 åra og i 2023 vart det gjennom organiserte beitelag slept 7143 sau/lam, og det vart slept 157 geiter rapportert gjennom beitelaga.

## **2. Bakgrunn for arbeidet / målsetjingar med planen**

Målsetjinga med beitebruksplanen er å dokumentere beitebruken slik han blir driven, bidra til å synleggjere verdiskapinga denne verksemda står for og skape eit grunnlag for ei god og oppdatert forståing for beitenæringa hjå politikarar, forvaltning og samfunnet omkring. Den skal også synleggjere moglege endringar og potensiale for utvikling av framtidig beitebruk. Samtidig er det viktig å avdekkje interessekonfliktar og sjå på løysingar.

Det er eit mål at tiltak og handlingsplanen blir teken opp til diskusjon i årsmøta i beitelaga, Øystre Slidre Fjellstyre og Slidre Sau og Geit, men også blant grunneigarane i beiteområda og kommunen. Kvart år blir det meldt inn gjennomførde tiltak, og det blir fremja nye tiltak. Beitebruksplanen blir revidert kvart 4. år. Eventuelle justeringar i handlingsplanen kan gjerast i dei årlege økonomiplanane.

Det er viktig at det er ei kopling mellom beitebruksplanen, sti- og løypeplan og kommuneplanens arealdel for å sikre ein heilskapleg arealbruk i kommunen. Ein slik tilnærming vil kunne virke konfliktførebyggjande mellom ulike utmarksinteresser, men også kunne sikre ein effektiv bruk og sikker forvaltning av naturressursane i kommunen.

Auka turisme vil føre til ein auka bruk av utmarka av gjestar som nyttar allemannsretten. Dette kan skape utfordringar. Turistnæringa ynskjer å unngå konfliktar med beitande dyr, og ynskjer heller ikkje å skape problem for landbruk og støling. Derfor er det viktig med sameint tilrettelegging av gode passasjar, stigar og trasear, samtidig er det viktig å informera om vettug bruk av naturen og korleis ein bør forhaldar seg til beitedyr.

Landbruk og støling har svært positive verdiar for turistar, hytteeigarar og fastbuande, og det ligg eit potensiale for å utvikle tilleggsinntekter rundt dette for dei som ynskjer det. Samtidig er det viktig at landbruket kan drive godt, lønnsamt og vere attraktivt for eksisterande og nye unge gardbrukarar.

Beitebruksplanen fokuserer på beitenæringa og landbrukets bruk av utmarka, samtidig som den inkluderer eksterne problemstillingar frå anna bruk av utmarka. Planen skal leggje eit grunnlag for tiltak som fremjar beitebruken, byggjer på informasjon, kunnskap og erfaring frå dagens beitebruk, og bidra til ein kunnskapsbasert forvaltning av beiteressursane.

Her er det også viktig å presisere at beitebruksplanen ikkje gjeld tema som beiterett, då dette er eit privatrettslege tema.

## **Hovudmål:**

Hovudmålet med beitebruksplanen er å bidra til eit kunnskapsbasert beitebruk og skape ei forståing for fleir bruk av utmark, samt rettleia og setje målsetningar for beitebruken framover.

## **Delmål:**

- Vise omfanget og verdien av beitebruk, både som landskapspleie og førtilgang.
- Vise beitekapasiteten i ØS, data frå vegetasjonskartlegging blir lagd til grunn.
- Bygge på informasjon, kunnskap og erfaring frå dagens beitebruk.
- Skissere korleis beitebruken best kan styrast og organiserast.
- Innehalde ein handlingsdel, som gjer greie for aktuelle tiltak for regulering av beitebruken, slik at konfliktar mellom beitebruk og anna arealbruk blir redusert i størst mogleg grad.
- Leggje eit grunnlag for tiltak som fremjar beitebruken, som mellom anna vurdering og nyetablering av slipp-/sankeplassar for sau/storfe, finne gode regime for kvar beitedyra skal styrast, når dei bør sleppast, kor lenge det bør tillatast beiting om hausten og tiltak for overvakning av beitebruken som gjer tilsyn og sanking lettare og meir samordna.



*Figur 3: Mange område har eit godt utbygd vegnett, som gjer det enkelt for beitedyr å flytte seg over relativt store avstandar.*

### **3. Gjennomføring av arbeidet – planprosessen**

For å sikre ein næringsmessig forankring av grunnlaget til beitebruksplanen (fyrste versjonen), vart det etablert ein arbeidsgruppe beståande av representantar frå beitenæringa, både sau og storfe, representant frå reiselivet og frå kommunen.

I denne revisjonen har administrasjonen stått for arbeidet med planen og tiltaksdelen, i samband med revisjonen av kommuneplanens arealdel.


Den har vore oppe hjå teknisk komité til vedtak om utlegg til offentleg høyring og ettersyn. Beiteutval, beitelag, faglag og andre høyringsinstansar har fått kome med innspel i høyringsrunda.

Beitebruksplanen blir vedtatt i kommunestyret, og er å vurdere som ein temoplan til kommuneplanen.


### **4. Bruken av utmarka**

Heile utmarksarealet i Øystre Slidre er på 830 000 dekar. Av dette er 230 000 dekar produktiv skog og barskog. Tilgjengeleg utmarksbeite er vurdert til 600 000 dekar. Små og store myrområde gjer ein del av området relativt sett betre eigna til storfebeite enn til sauebeite.


Tidlegare vart området organisert gjennom 3 beitelag, men i 2024 vart det oppretta eit nytt beitelag: Valdresflye Beitelag (figur 4). Dette beitelaget vart skilt frå Skaget/Bitihorn sankarlag, som i dag framleis heiter Skaget/Bitihorn sankarlag (figur 5). Dei to resterande beitelaga er Haldorbu Fellesdrift (figur 6, 64 km<sup>2</sup>) og Mellane/Fullsenn beitelag (figur 7, 184,5 km<sup>2</sup>).




Figur 4: Valdresflye beitelag.



Figur 5: Skaget/Bitihorn Sankarlag



*Figur 6: Haldorbu Fellesdrift*



*Figur 7: Mellane/Fullsenn Beitlag.*

I 2024 vart det gjennom organisert beitebruk i ØS sleppt 2349 sau, 4081 lam, 232 geit og 839 storfe (tabell 1). Sjølv om talet på driftseiningar med husdyr har vore i nedgang, har talet på geit og storfe halde seg oppe. Talet på sau har gått noko ned.


*Tabell 1: Dyretal organisert i beitelag 2024.*

Beitelag	Sau	Lam	Geit	Storfe
Skaget Bitihorn	845	1461	71	369
Haldorbu	512	886	0	31
Mellane Fullsenn	826	1418	161	319
Valdresflye beitelag	166	316	0	120
<b>Sum</b>	<b>2349</b>	<b>4081</b>	<b>232</b>	<b>839</b>
2014	2587	4717	219	457
Endring frå 2014	-9,1%	-13,5%	5,9%	83,6%


Mjølkeproduksjon på stølane, både kyr og geit, er ikkje omfatta av organisert beitebruk (OBB).

Stølsdrift (figur 8) er ein sentral del av landbruksdrifta i ØS. I 2007 brukte 82 av 86 mjølkebruk (kyr) stølen på sommaren (95 %). Talet på mjølkebruk med kyr var ved årets slutt i 2024 nede i 46 bruk, der støling framleis vart gjennomført av 42 av desse

mjølkeprodusentane (42 produsentar av kumjølk fekk stølstilskot for 49 stølar). Frå 2007 til i dag er det ein nedgang på 40% i tal aktive stølar med kumjølkproduksjon. Av 7 geitemjølk-produsentar var 5 på stølen. Sjølv om det er ein nedgang i tal aktive stølar, er det framleis eit stort tal av mjølkeprodusentane som produserer mjølk på støl. Medan det i 2007 var 95% av mjøkebruka som produserte mjølk på støl i 2007, var det 91% av mjøkleprodusentane som mjølka på støl i 2024. Det er færre stølar som er i aktiv drift, men framleis produserer ein stor del av mjøleprodusentane i Øystre Slidre mjølk på stølen om sommaren. Den viktigaste årsaka til nedgang i aktive stølar er strukturrasjonaliseringa i landbruket. Sjølv med nedgangen i tal stølar i drift er ØS framleis ei av dei største stølskommunane i landet.



Figur 8: Kartet syner oversikt over Øystre Slidre med stølar avmerka (Skog og Landbruk Rapport 07/2013). Desse stølane var aktive i 2008. Aktuelt utmarksbeite er aust for hovuddalføret, som grensar til Nord-Aurdal i søraust, Gausdal og Fron-kommunane i nordaust og Vågå i nord.



Figur 9: Storeskag; viktig sleppstad (sau og storfe) for utmarksbeite heilt inne mot Langsua Nasjonalpark. Her er utgangspunktet for fotturisme frå DNT-hytte. Omtrent midt i biletet er eit skilje/sorteringsanlegg for sau.

#### 4.1. Historisk utvikling i bruken av utmarka

Stølsdrift er ein sentral del av landbruksdrifta i Øystre Slidre, kor kommunen er av dei største stølskommunane i landet. Stølsdrifta har vore og er framleis viktig for ressursutnytting og hald av husdyr i Valdres. Det å kunne bruke innmark til vinterfôr og utmarksbeite så lenge det var mogleg utover hausten, har danna grunnlaget for dei relativt små besetningane som er i området.

Tradisjonelt var det meir kornproduksjon i bygdene, og stølsdrifta gjorde det mogleg å nytte noko av arealet til matkorn. For å sikre nok fôr til husdyra måtte ein derfor utnytte område som var mindre eigna til korndyrking. Stølsdrift og bruk av utmarksbeite vart dermed særskilt viktig.

Retten til å nytte utmarksbeita vart stadfesta i Christian V sin lov frå 1687 – «*Alle skal nyde Sætter og Fædrift som ligg i hans Bøygdelav*». «*Almenningsretten*» omfattar beite, støling, hogst, jakt og fiske, men det var retten til beiting som hadde størst tyding. Som ein naturleg konsekvens av denne retten kom etableringa av stølar, der ein foredla mjølka til smør og ost.

Eit anna viktig element i stølsdrifta var bruk av utmarksslåttar, der ein berga fôr som skulle nyttast på garden gjennom vinteren. Produkta frå stølsdrifta vart i hovudsak brukte til eige hushald resten av året.

I stølsområda i ØS er det fleire namnsettingar etter den tradisjonelle bruken som felæger. Dette var hamnestrekningar i fjellet der «fekarane» heldt til med driftefe på beite og budde i ei febu. At driftefe ofte kom langvegsfrå for å finne sommarbeite her, viser kor viktige desse områda og beitekvalitetane var, og framleis kan vere som beiteressurs.

Frå 1850-talet vart stølsdrifta kraftig redusert i Noreg, som følgje av endringar i storfehaldet og framveksten av industriell meieridrift. Fram til andre verdskrig vart om lag to tredelar av stølane avvikla. Nedgangen i den intensive stølsdrifta vart spesielt merkbar etter krigen, då meir areal vart dyrka opp og bruk av kunstgjødsel vart vanleg. Dette førte til at beitedyra påverka vegetasjonen i mindre grad. Foredling av mjølk kravde òg store mengder brensel, noko som var med på å forme kulturlandskapet.



*Figur 10: Nydyrkning (i midten til venstre) i Etnlie. Nydyrkning er med på å auke arealet for intensiv drift og auke mjølkeproduksjonen på stølane.*

I desember 2024 vert stølskulturen i Norge og fäbodmiljøet i Sverige innskrive på UNESCO sin verdsarvliste over immateriell kulturarv. Den tradisjonelle stølsdrifta spelar ei viktig rolle som kjelde for lokalt produsert mat og overføring av kunnskap og tradisjonar, både innanfor familiar og nye interesserte. Det vert òg trekt fram at stølsdrifta fremjar helse og velvære for både dei som driv med det og dei som besøker stølane.

Denne anerkjenninga er ein moglegheit til å styrke og bevare tradisjonelle driftsmetodar. Det kan òg føre til auka økonomisk støtte og merksemd rundt viktigheita av å oppretthalde denne kulturarven.

For andre næringsinteresser, slik som turisme, kan ei slik anerkjennning tiltrekke seg merksemd rundt støling, og besøkande til dei som driv med turisme. Dette kan bidra til auka inntekt for lokalsamfunna og fremje berekraftig turisme.

Det er eit håp om at ein plass på verdsarvlista vil styrke stølkskuluren i Noreg og bidra til å bevare denne viktige delen av vår immaterielle kulturarv for framtidige generasjonar.



*Figur 11: Forbusking av areal mot Vesleskaghøgde. Vier har teke overhand, der det i større grad var frodige grasbeiter på 70-talet.*

Skrint jordsmonn og nedgangen i stølsaktivitet har ført til nokså langsam attgroing av stølsområda, samanlikna med område med frodigare jordsmonn (der det frå 50-talet og fram til i dag har etablert seg skog som no er hogstmoden). På områda lenger oppe i høgda vil denne attgroinga naturleg gå langsamare. Etablering av hytteområde der det tidlegare var stølsvollar medfører òg ein endra bruk av areala, til rekreasjon og trening. Søraustre-delen av Skaget/Bitihorn vart vegetasjonskartlagt i 1970/71 og kartlagt på nytt i 2019. Areal som var hardt beita på 70-talet er fullstendig forbuska med vierkratt.

## 4.2. Naturgrunnlaget


Øystre Slidre har eit totalareal på 963 km<sup>2</sup>, av dette er 886 km<sup>2</sup> landareal.

Utmarksarealet er 830 km<sup>2</sup>. Kommunen strekkjer seg frå 410 moh. på det lågaste, til Øystre Rasletind på 2010 moh.

Heile 73% av arealet ligg over 900 moh. Her er det berre 3% av arealet som er jordbruksareal og ca. 12% produktiv skog. Det meste av busetjinga og jordbruksareaala ligg under 800 moh. I beltet mellom 800 og 1400 moh. ligg det store utmarksbeiteressursar. Lite dyrka areal og mykje utmark gjer at stølsdrifta er ein viktig ressurs, slik at vinterføret kan haustast i bygda, medan dyra sjølve kan hauste av utmarksbeite på sommaren.

Jordsmonnet i Øystre Slidre er i hovudsak prega av tjukt morenedekke (figur 12). Rundt snaufjellet er det tynnare moredekke, og det er store myrområde. Det er enkelte mindre område med breelvavsetningar.

Berggrunnen sør for Vinstervatn er stort sett prega av harde sure bergartar, som sandstein og kvartsitt. På nordsida er det meir næringsrike (mellomrike) og basiske bergartar, som gabbro og amfibolitt. Det er mindre vindauge med rikare bergartar, som gjev grunnlag for god tilgang på plantenæringer. Desse, saman med breelveavsetningane, er i stor grad grunnlaget for plassering av stølane.



Figur 12: Lausmassekart ([https://geo.ngu.no/kart/losmasse\\_mobil/](https://geo.ngu.no/kart/losmasse_mobil/)). Grøne område er ulike moreneavsetningar. Brune område er myr og lys rosa er fjell. Oransje område er breelvavsetninger, mens gule er elve- og bekkeavsetningar.

Omtrent 20% av arealet i kommunen er myr og det meste er austover, mellom hovuddalføret og Gausdal. Det er sjølv sagt varierande vegetasjonstypar, men den dominerande vegetasjonstypen er blåbærskog. Denne har god beiteverdi og middels bonitet på skogen. På frodigare område er det høgstaudeeng eller engskog, men dette utgjer ein liten del av arealet. Andre dominerande vegetasjonstypar er rishei og grasmyr. Grasmyrer har større beiteverdi for storfe enn for sau. Sauen beitar ofte berre ytterkantar på myr, men storfe bruker store delar av grasmyrene. Beitevollar og dyrka mark utgjer ein betydeleg beiteressurs.

Vegetasjonskartlegging kan gje grunnlag for å kategorisere utmarksbeite etter beitekvalitet. Dette er gjort i NIBIO si kartlegging i 2019 av Skagset (figur 2), kor dei kom fram til at 66 822 dekar av dette området er tilgjengeleg utmarksbeiteareal og 33 430 dekar er nyttbart beiteområde for sau og 36 839 dekar er nyttbart beiteområde for storfe (tabell 2).

*Tabell 2: Areal i kartområde Skagset av vegetasjonstypar fordelt på tre beiteklassar og nyttbart beite for sau og storfe. Prosent er rekna av tilgjengeleg utmarksbeite. Dei siste to kolonnane viser beitekvalitet basert på verdien av beiteverdien til vegetasjonstypene. Tal er henta fra NIBIO Rapport 7(85)2021.*

Beiteverdi	Sau		Storfe	
	Dekar	%	Dekar	%
Mindre godt beite	33 392	50	29 982	45
Godt beite	28 918	43	32 327	48
Svært godt beite	4 512	7	4512	7
Tilgjengeleg utmarksbeite	66 822	100	66 822	100
Nyttbart beite = godt + svært godt	33 430	50	36 839	55

**Tilgjengeleg utmarksbeiteareal** er areal med vegetasjonsdekke tilgjengeleg for dyr på utmarksbeite. Her ekskluderast område som ikkje er framkomelege eller på andre måtar utilgjengelege for beitedyr.

**Nyttbart beiteareal** er samla areal av vegetasjonstypar som ein kan rekne med at dyra tar beiteplanter av betydning for tilvekst i frå (godt + svært godt beite).

I Skog og Landskap Rapport 07/2013 er det gjennomført ein liknande fordeling av beiteverdiklasser av dei tre beitelaga kartlagt i 2013 (tabell 3). Å fornye og utvide slike kartleggingar til større delar av kommunen kan gi betre oversikt og meir detaljert informasjon om beiteareala, noko som kan bidra til ein betre forvaltning og utnytting av beiteressursane i kommunen.

*Tabell 3: Fordeling av beiteverdiklasser i dei tre beitelaga kartlagt i 2013 (Skog og Landskap Rapport 07/13). Siste kolonne viser svært godt beite i prosent (%) av nyttbart beiteareal.*


Beitelag	Ikkje beite	Mindre godt	Godt	Svært godt	Nyttbart	Sg/Nb
Skaget/Bitihorn Sankarlag	7	34	53	7	60	11
Haldorbu Fellesdrift	2	33	59	6	65	10
Mellane/Fullsenn Beitelag	3	30	59	8	67	12

*Nyttbart = Godt + Svært godt*

*Sg/Nb = Svært godt/Nyttbart i %*

### 4.3. Klimatiske tilhøve

Figur 13 viser offisielle meteorologiske målingar på Løken i Volbu (521 moh.) og Beitostølen (822 moh.), henta frå Meteorologisk institutt (MET). Årsnedbøren i 2023 var 874,8 mm på Løken i Volbu og 1144,2 mm på Beitostølen. Aukande nedbørsmengd med stigande høgd samsvarer òg med tidlegare målingar på Bergset. Det gjer at det mest sannsynleg er meir nedbør i beiteområda.



Figur 13: Mengde nedbør (mm) per månad og middeltemperatur (°C) per måned dei siste fem åra på Løken i Volbu og Beitostølen.

Nedbøren utgjer minst eit par "rotbløyter" i månaden og det er normalt ikkje turke som avgrensar beitekvaliteten.

Det er vanleg å rekne 0,6 grader lågare temperatur for kvar 100 m aukande høgd. Det utgjer ca. 4 grader på gjennomsnittstemperaturen frå Løken til sentrale beiteområde rundt 1100 moh., som Storeskag.

#### 4.4. Beiteretten / organisering av beitebruken

Ein del av stølsarealet ligg i sameige mellom gardane. Snaufjellet er stort sett statsallmenning, og der alle «bruksberettiga» eigedommar i kommunen har beiterett i utmarka.

Det er noko uklart korleis beitebelegg/beiterettar er fordele mellom eigedommane, men så lenge beitekapasiteten ikkje er fullt utnytta er konfliktar ikkje normalt knytt til ressurstilgang, men praktiske utfordringar.

Det normale er at gardsbruken har rett til å sleppe på utmarksbeite det dyretalet som garden kan vinterfø. I bygdenære område er det brukt ulike datoar for når dyra kan sleppast på beite.

Det er registrert 450 gardsbruk i ØS, og i 2024 var det 144 føretak i drift kor 115 av desse hadde husdyr.

Frå og med 2024 er utmarksbeitebruken i ØS organisert gjennom fire sankelag (figur 4-7), Det er felles sauebeitelag og storfebeitelag i dei fire områda. I stor grad beitar småfe og storfe saman i desse områda. I alt 54 besetningar sleppte 2349 sau og 4081 lam, 232 geit og 839 storfe (2024).

*Tabell 4: Organisert beitebruk (OBB), sau og storfe, tal medlemmar og besetningar for 2024*

Beiteområde	Medlemmer med sau	Medlemmer med storfe	Medlemmer med geit	Sum Medlemmer
Skaget/Bitihorn Beitelag	9	6	1	16
Haldorbu Fellesdrift	4	1	0	5
Valdresflye beitelag	4	5	0	9
Mellane/Fullsenn Beitelag	13	8	3	24
Sum medlemmer	30	20	4	54

*Mjølkebruk er ikkje ein del av OBB-ordninga.*

*Tabell 5: Historisk oversyn for tal sau og lam sleppt på utmarksbeite og tapstal gjennom organisert beitebruk (OBB).*

År	Tal sau og lam			Tapsprosent (%)		
	Tal sleppt	Heimsanka	Tap	Sau	Lam	Sau + Lam
2024	6589	6307	282	3.6	4.6	4.3

2023	7143	6937	206	2.3	3.2	2.9
2022	7057	6838	219	2.2	3.2	3.1
2021	7183	6940	243	2.0	4.2	3.4
2020	7259	7080	179	1.6	2.6	2.5
2019	7496	7313	183	2.2	2.8	2.4
2018	8059	7808	251	2.3	3.6	3.1
2017	8105	7928	177	2.0	2.2	2.2
2016	7556	7334	222	1.8	3.5	3.1
2015	7344	7021	323	2.5	5.0	4.4
2014	7035	6588	447	2.5	8.5	6.4
2013	6357	5888	469	2.7	10.3	7.4
2012	7048	6636	412	4.5	6.5	5.9
2011	6701	6465	236	1.6	4.5	3.5
2010	6893	6682	212	2.4	3.8	3.1
2009	7215	6965	250	2.2	4.1	3.5
2008	6863	6631	232	2.2	4.0	3.4
2007	7305	7112	193	1.9	3.1	2.6
2006	7274	7077	197	2.1	2.8	2.7
2005	7179	7071	108	1.2	1.7	1.5
2004	6051	5900	151	1.5	3.1	2.5

2003	5964	5754	210	2.2	4.3	3.5
2002	6196	6008	188	3.2	3.7	3.3
2001	6051	6416	95	0.9	1.8	1.5
2000	7294	7122	172	1.7	2.7	2.4
1999	7453	7316	137	1.2	2.2	1.8
1998	7383	7212	171	1.7	2.3	2.0
1997	6750	6602	148	1.5	2.4	2.2
1996	6082	5931	151	1.7	2.9	2.5
1995	5019	4926	93	1.2	2.2	1.8
1994	4520	4429	91	1.5	2.3	2.0

Året med høgaste sauetal er markert med oransje og året med lågaste dyretal er markert med raudt. Dei siste 20 åra er det eit aukande tal sau på beite, kor dyretalet har auka med rundt 58%.

Året med høgaste tap er markert med raudt og året med lågaste tap er markert med oransje. Tal for tapstal av sau på utmarksbeite gjennom organisert beitebruk (tabell 5) viser at enkelte år skil seg ut, men jamt over ligg tapstala på 3 i sum for vaksne og lam.

Åra 2012 – 2014 vert det rapportert større tap. Dette kan knytast til jerve-etablering, som vert teken ut, og eit ulveangrep i 2013. Einskilde besetningar er i denne perioden registrert med meir enn 50% tap.

I 2024 vart 232 geit sleppt gjennom OBB. Mjølkegeiter med produksjon på stølen er ikkje rekna inn i OBB-tala. Det var 642 mjølkegeiter i 7 besetningar i år 2024, og nesten alle mjølkegeiter går i utmark.

Av 46 registrerte mjølkebruk i 2024, var det 42 av dei som hadde mjølkekryr på stølen (91% av mjølkeprodusentane), og som beita i utmark.

Talet på vaksne kyr (mjølkekryr + ammekryr) på utmarksbeite har lenge vore relativt stabilt, med ein auke frå 881 i år 2000 til 967 i år 2024. I denne

perioden har derimot talet på ammekyr auka frå svært få (cirka 20 ammekyr på utmarksbeite i år 2000) til 468 i år 2024. Nesten alle ammekyrne blir sleppt på utmark (96%).

#### **4.5. Vurdering av beitekapasiteten / potensialet**

For å vurdere kvaliteten av utmarksbeite så tek ein utgangspunkt i vegetasjonsstyper. Beiteverdien for den enkelte vegetasjonstype vil vidare vere avhengig av:

- Produksjon av beiteplanter (kg tørrstoff per dekar)
- Næringsverdi (fôreiningar per kg tørrstoff)
- Utnyttingsgraden (kor stor del av plantemassen som blir teke opp av dyra)

Ein vurdering av beitekapasiteten i ØS vert gjennomført i Skog og Landskap Rapport 07/2013 (for deler av kommunen, figur 1) og i NIBIO Rapport 7(85)2021 (området rundt Skaget, figur 2). Tabell 6 viser ein utrekning på utnyttingsgraden (%) av kvart beiteområde. Det er ikkje utført nye beitekartleggingar etter Valdresflye beitelag vart oppretta. Derfor er de brukt tal frå 2023 i vurdering av beitekapasiteten.

*Tabell 6: Beiteverdi og tilrådt dyretal, der 1 storfe (alle rasar) er lik 6 saueneiningar (s.e.) omrekna:*

Beitelag	Nyttig beite (%)	Beiteareal (km <sup>2</sup> )	Saueneinin gar (s.e.)	s.e. i 2023	Ledig beite (s.e.)	Utnyttingsgrad (%)
Skaget/Bitihorn	60	253	16 445	6 467	9 978	39
Haldorbu	65	41	2 460	1 651	5 756	67
Mellane/Fullsenn	67	114	7 410	4 029	3 381	54
<b>Sum</b>	<b>62</b>	<b>411</b>	<b>26 315</b>	<b>12 147</b>	<b>19 115</b>	<b>53</b>

1) Sjå tekst under for korrigerande faktorar

Vi legg til grunn beitekapasiteten frå skog og landskap; med 60 sau, 12 mjølkekjer eller 7 ammekyr pr km<sup>2</sup>. Det gjev ein beitekapasitet før korrigering på 26 315 saueneiningar i desse beitelaga. Med fråtrekk av 15 % (5 % for utilgjengeleg areal og 10 % for beite av hjortevilt) blir kapasiteten 22 368 saueneiningar. Det vart søkt beitetilskot for 12 147 saueneiningar i ØS i 2023. Det gjev ei utnytting på 45%, eller 50% dersom vi trekkjer frå beite av hjortevilt. Beiting går òg føre seg ein del på stølvollar (innmarksbeite/dyrka mark), som ikkje er med i beitepotensialet (tabellen over). Derimot vil beiting med mjølkekju/mjølkegeit rundt stølane komme i tillegg, slik at total utnyttingsgrad kan vere i overkant av 50%.

Beitekapasiteten er vurdert ut frå fôropptak med ein beitesesong på 100 dagar for sau og 80 dagar for storfe. Dette er neppe tilfellet for all sauen – normal beitesesong er 1.-20. juni til først i september – ca. 90 dagar. For storfe er eit gjennomsnitt på 80 dagar på utmarksbeite i overkant (neppe reelt mykje over 60 dagar), og for storfe er det ein del variasjon i slepp og særleg sinking mellom besetningar. Det tilseier at nytta beitepotensial er lågare enn i oppsettet som NIBIO brukar.

Ut frå NIBIO sine utrekningar tek sau opp 1 føreining (FEm)/dyr/dag og storfe tek opp 5 FEm/dyr/dag (tabell 7). Dette gjeld gamle storfeutrekningar. For ammekyr ligg desse tala på 6,5 FEm/dyr/dag. Storfe blir dermed rekna om med faktoren 1:5 og 1:6,5 (eitt NRF-dyr gjev 5 saueneiningar og eitt kjøttfe gjev 6,5). Mordyr tek opp ein god del meir, men lam/kalvar mindre – desse tala blir eit gjennomsnitt.

*Tabell 7: Beitekapasitet for dyr per km<sup>2</sup> nyttig utmarksbeite, med eit förbehov på 1 f.e. (sau), 5 f.e. (storfe NRF, ungdyr 1-2 år) og 6,5 f.e. (ammeku) per dag. Tabellen forutsett likt beiteopptak gjennom sesongen. Tabellen er tilarbeidd etter Tveitnes (1949). Tabellen er lånt frå NIBIO Rapport 7(85)2021.*

Fôropptak per dag	Beitekvalitet	Under skoggrensa		Over skoggrensa	
		Dyr per km <sup>2</sup>	Dekar per dyr	Dyr per km <sup>2</sup>	Dekar per dyr
1,0 f.e. (sau)	Mindre godt beiteområde	40 - 65	24 - 15	33 - 54	30 - 19
	Godt beiteområde	66 - 91	14 - 10	55 - 76	18 - 13
	Svært godt beiteområde	92 - 130	10 - 7	77 - 108	13 - 9
5,0 f.e. (storfe)	Mindre godt beiteområde	8 - 13	120 - 76	7 - 11	152 - 93
	Godt beiteområde	13 - 18	72 - 52	11 - 15	91 - 66
	Svært godt beiteområde	18 - 26	52 - 36	15 - 22	65 - 46
6,5 f.e. (ammeku)	Mindre godt beiteområde	6 - 10	156 - 99	5 - 8	197 - 120
	Godt beiteområde	10 - 14	94 - 68	8 - 12	118 - 86
	Svært godt beiteområde	14 - 20	68 - 47	12 - 17	84 - 60

*Rettleiing for klassifisering av beitekvalitet:*

- *Mindre godt beiteområde: Område dominert av vegetasjonstypar med beiteverdi godt beite og mindre godt beite.*
- *Godt beiteområde: Område dominert av vegetasjonstypar med beiteverdi godt beite. 10 – 25% av arealet med nyttig beite er vegetasjonstypar med verdien svært godt.*
- *Svært godt beiteområde: Område der meir enn 25% av arealet med nyttig beite er vegetasjonstypar med beiteverdien svært godt.*

Beitekapasiteten er rekna ut frå ein beitesesong på 100 dagar for sau og 80 for storfe. Då er det ut frå vegetasjonstypa vurdert at dette gjev tilstrekkeleg beite til eit visst tal sau i 100 dagar. Det ligg i systemet at beiteplantane veks over heile perioden og at attveksten òg er med i beitegrunnlaget – ein kombinasjon mellom vekst og avbeiting. Sjølv om vi kortar inn beitesesongen frå våren, blir det ikkje beite til fleire dyr. Det kan vere motsett effekt – for lite beitetrykk på våren gjer at meir gras går opp i strå og blir ikkje lengre attraktivt beitegras, dette kan vare heile resten av sesongen. Det er på hausten det er minst tilvekst på beiteplantane og størst trøng til før hjå dyra. Det er denne perioden som er «kritisk» i høve til vurdering av beitekapasiteten.

Det er ingen tvil om at det er store ubrukte beiteressursar i ØS. Det kjem inn noko beitedyr frå Fron, aust for Vinstervatn. Om dette beitet skal tilleggjast stor vekt er usikkert. I praksis har korkje hjortevilt eller streifbeiting særleg mykje å bety, sidan berre om lag halvparten av beitekapasiteten er nytta.

Legg vi til grunn fôropptak på utmarksbeite, ut frå dei føresetnadane som ligg i utrekning av saueeininger og grovfôrpris frå Grovfôr 2025 (3,13 kr/FEm) er verdien av fôropptak på utmarksbeitet lik 4,5 mill. kr. I tillegg kjem utmarksbeitetilskot på kr 2,8 mill. Stølstilskotet utgjer 2,8 mill. kr og tilskot til drift av stølsvollar er på 0,4 mill. kr. Samla blir dette 10,5 mill. kr.

Nyttar vi kraftfôrprisen (4,5 kr/FEm) blir den årlege verdien av å bruke utmarksbeitet på 12,8 mill. kr.

Bruk av utmarksbeite gjev òg redusert press på innmarksareal, som då gjev meir vinterfôr. Då blir verdien større, fordi det kan haldast fleire dyr på gardane.

#### **4.6. Andre tilhøve med relevans for planen**

Nedanfor er det gjeve eit oversyn over «eksterne faktorar» - som beitenæringa sjølv ikkje nødvendigvis rår over, som kan ha innverknad for beitebruken og utnyttinga av utmarksressursane.

I både 2022 og 2023 blei det avverka ca. 24 000 m<sup>3</sup> med tømmer årleg i ØS, kor den gjennomsnittleg tømmerprisen ligg på rundt 470 kr/m<sup>3</sup> dei siste fem åra. Høgast produksjonspotensiale er i dei lågast liggande områda med den beste boniteten og også det beste beitet.

Problematisk knytt til beitedyr og skogforynging er ikkje aktuell problemstilling med det beitemønsteret og det beitepresset som er i ØS i dag. Endring i beitemønster, som t.d. med bruk av elektroniske klavar, kan endre dette på sikt.

#### **4.6.1. Attgroing og beiteutvikling over tid**

I fjellområda mellom Valdres og Gausdal har det gjennom tidene vore eit høgt haustingstrykk frå støling, beiting, utmarksslått og anna. Dette har ført til at det ligg store avskoga område under den klimatisk potensielle skoggrensa. I Skog og Landskap Rapport 07/2013 vert det estimert at 27% av landarealet i området vil bli skogsett dersom beiting og anna hausting av treaktige vekstar tek slutt.

Kor fort attgroing kjem til å skje avhenger av beitetrykk, i tillegg til klimatisk tilhøve og tilgang på næring og vatn i jorda. Høgde over havet er her òg viktig. Områder som ligg opp mot den klimatiske skoggrensa vil gro til seinare enn lågareliggende områder til dømes i stølsområda.

Vegetasjonen og beitekvaliteten i utmarka er ikkje berre bestemt av dei naturgevne tilhøva, men også av tidlegare intensiv bruk av utmarka. For å ta vare på utmarka og beitekvaliteten må gjengroing hindrast. Dette kan best gjerast ved å halde oppe eit høgt beitetrykk, dels høgare enn det som er tilrådd i dag. Når bruken av utmarka endrar seg, endrar også utmarka seg. Utmarka er ein stor arealressurs som bidreg til norsk sjølvforsyning. Det er også eit rikt artsmangfold i utmarka, med fleire artar som skjøtseslavhening.

I Øystre Slidre kan det verke som at forbusking er eit større problem enn tradisjonell attgroing. Vierkratt kjem oftast på noko fuktigare mark, medan einer kjem på tørrare mark. Det er områda med vier som er utfordringa og der det har skjedd ei sterkt attgroing dei seinare åra.

Smyle er den vanlegaste beiteplanta i utmarka. I bjørkeskog vil smyla ofte skyte seint og dermed kan beitet halde kvaliteten noko lengre. Det same gjeld engkvein som gjev endå tettare matter og er meir utbreidd på frodigare mark.

Ved for lågt beitetrykk kjem det inn typiske «attgroingsplantar», som tyrihjelm, då og bringebær. Langs vegane er det vanlegvis godt nok beitetrykk.

#### **4.6.2. Stølar / Jordbruksareal i beiteområda**

Totalt registrert jordbruksareal i kommunen er på 29 929 daa. Delen av dette som ligg i utmarksområda er illustrert i tabell 8:


*Tabell 8: Fordeling av jordbruksareal over 850 moh.*

	Fulldyrka	Overflatedyrka	Sum jordbruksareal
Over 850 moh.	10%	12%	22%
Over 950 moh.	3%	5%	8%

Jordbruksareal i fjellet kan ein stor del drivast meir intensivt i dag og gje større avlingar. Areala er i hovudsak inngjerda, og blir brukt av aktive brukarar. NIBIO har samanlikna kart frå 70-talet, og det er ein konklusjon om at «beitevoll eller dyrka mark» i utmarksområde har gått sterkt tilbake dei siste 50 åra.

Områder definert som stølar og innmarksbeite ligg ikkje inne i utrekninga av beitekapasitet frå Skog og Landskap sin rapport 07/2013. Dette vil dermed kunne vere med å auke dyretalet, dersom areala ikkje er inngjerda, eller ikkje blir brukt vår og haust. Stølane ligg ofte på dei beste områda med størst avlingspotensiale. Gjødsling vil gje auke i avlingsnivå. Tilbakeføring av beiteareal, som gradvis vil gå ut, er ein kontinuerleg del av beiteskjøtselen.

Figur 9. Samla oversikt over beitebruken i stølsfjellet for storfe, geit og sau.



Figur 14: Kartet syner dei mest sentrale beiteområda for alle dyregrupper slik dei vert rapportert frå Stølsprosjektet (2005). Det er dei mest stølsnære områda som er vurdert som mest verdifulle. Det er eit godt bilde på beitebruken og korleis dyra bruker området litt forskjellig tidleg på sommaren og på hausten.


Ein klar risiko for kumjølkproduksjonen i stølsområda er tendensen mot større einingar. «Robotisering» av mjølkeproduksjonen kan føre til mindre stølsdrift, ei utvikling vi har sett i fleire andre regionar. Ei generell oppgåve for alle partar med interesser i landbruket og kulturlandskapet vil vere å arbeide for å motivere til stølsdrift og beitedrift. Auka bruk av utmarka for ungdyr kan vere eit mål. Å få fram positive sider ved bruk av beiteressursen i utmarka kan ha stor verdi framover. Her kan nemnast verknader av beitebruk på kjøttkvalitet, dyrevelferd, helse, miljø og klima. I tillegg til å bruke allereie kjende samanhengar vil det òg vere behov for ny kunnskap og dokumentasjon, som til dømes kunne vore oppgåver i eit nytt ressurssenter for fjellbygdene på Løken.

#### 4.6.3. Omsynet til rein og hjortevilt

Utmarksbeiteområdet til Øystre Slidre utgjer ein del av vinterbeiteområde til Fram tamreinlag (figur 15), med omkring 3000 rein i vinterflokk. På sommaren er dette nærmare 5000 dyr (<https://www.framreinlag.no/om-oss/>). På sumaren beitar reinflokken i

Jotunheimen i Vang kommune. Beiteområdet er òg nytta av Våga tamreinlag på nordsida av Vinstervatn og Heimdalens. Dette beiteområdet er påverka i konkurranse med rein.

Fram tamreinlag har eit skiljeanlegg ved Sælstølen, men området betyr lite som beite for rein. Det kan vere at den beitar på bjørkerenningar og vierkratt, men det har liten praktisk konsekvens i konkurranse med husdyr.



Figur 15: Fram tamreinlag.

Elgbeite og beitetrykk blir ofte vurdert ut frå førekommst av ROS-artar (rogn, osp, selje), som er dei føretrekte beiteplantane til elgen. Det er nok lite av desse artane naturleg i beiteområdet, men også bjørk og furu vil få beiteskadar ved for stor elgstamme, og kan gå ut over skogforyngingar. Beitevanane til elgen skil seg frå husdyra ved at den hovudsakleg beitar på tre, busker og kratt. Om sommaren går den ofte og rispar i seg lauv, men han kan òg ete bærlyng, gras og ein del vassplantar. Om vinteren et han mykje skot og kvist av lauvtre, einer og furu. Ein vaksen elg kan ete 25 kg fôr på ein dag om sommaren, og 12-15 kg skot og kvist om vinteren. Elg vil normalt i liten grad konkurrere med bufe på utmarksbeite. Konkurranse med husdyr gjeld berre 3 månader av året.

#### 4.6.4 Rovdyr

Forvaltningsplan for rovvilt i Oppland, vedteken av rovviltnemnda i region 3 i januar 2020, dannar grunnlaget for forvaltninga av rovdyr i gamle Oppland fylke. Det er uttrykt

at det skal vere inntil 5 ynglingar av gaupe og 4 ynglingar av jerv i region 3. Øystre Slidre er, som resten av Valdres og Vest-Oppland, innanfor sone prioritert for yngling av gaupe, men ikkje for jerv. Hovudsakeleg held gaupa seg lengre sør i Valdres, og er ei mindre utfordring for beitande husdyr i kommunen enn jerven. Rovdyr har generelt vore eit lite problem i Øystre Slidre, på linje med fleire av kommunane vest i Oppland. Med unntak av perioden 2011-2013 (tap forårsaka av jerv og ulv) og sumaren 2024 (tap forårsaka av ulv) er tapstala for sau rundt 3%. Ørn kan ta sau i beitesesongen. I denne planperioden skal det utarbeidast ein beredskapsplan.

#### **4.6.5 Tekniske inngrep (fritidsbusetnad og turisme)**

Landbruket er ei viktig næring i Øystre Slidre med sterke interesser i utmarksressursen, men kommunen er også ei stor hyttekommune, med mykje infrastruktur og aktivitet knytt til friluftsliv og reiseliv. Det er sterke næringsinteresser knytt til turisme, og både landbruk og turisme påverkar kommuneøkonomien og tenestetilbod i stor grad. Ein viktig del av arbeidet i denne planperioden er nettopp å gjere tiltak som kan minske konfliktnivået mellom beitenæring og turisme.

Det er viktig å finne gode løysingar for beitebruken i hytteområda for å redusere konflikt med hyttefolket. Flokkar med storfe kan virke skremmande på mange og dei kan i visse situasjonar oppføre seg aggressivt, særleg mot hundar, om folk ikkje har god nok informasjon om korleis dei bør oppføre seg i møte med storfe i flokk. Det er derfor viktig med eit godt informasjonsarbeid knytt til dyr på utmarksbeite.

Det er berre tillate med avgrensa inngjerdingar rundt hyttene, slik at sperregjerde/ledegjerde for å halde dyra unna områda kan vere føremålstenleg. I Øystre Slidre kommune sin arealdel til kommuneplan står det at oppføring av gjerde er ikkje eit søknadspliktig tiltak. Gjerder av eit visst omfang og størrelse, som eit sperregjerde, vil likevel vere søknadspliktig. Oppføring av elektrisk gjerde er forbode. I Statsallmenning er oppføring av gjerder eit søknadspliktig tiltak, uansett størrelse og omfang.

Ved oppføring av eit søknadspliktig gjerde skal søker sende søknad på høyring til grunneigarsameige og beitelag. Kommunen har sett vilkår om utforming, vedlikehald og tilsyn for å unngå skader på bufe. Grinder skal slå utover. Der det er naturleg i høve til avstand mellom tomter kan kommunen gje løyve til gjerde inne inntil 500 m<sup>2</sup> rundt bygningar på einskildtomter. For å redusere konfliktane mellom utbyggingsinteresser og dyrehald, skal det vere handsaming av reguleringsplan for eit område takast stilling til om det skal førast opp gjerder rundt kvart utbyggingsområde.

Nye digitale gjerdesystem (elektroniske beiteklaver) for beitestyring er eit tiltak som reduserer behovet for fysiske gjerder, og som gjer det enklare for bøndene å halde oversikt over dyra sine.

Informasjon frå vegetasjonskartleggingane som er gjennomført er viktig å bruke så langt det er mogleg for å unngå etablering av hyttefelt i område med vegetasjonstypar som gjev godt beitegrunnlag. Samstundes legg arealdelen til kommuneplanen opp til at landbruket skal ha fokus utanfor det vi kallar for *Utbyggingsgrensa*, slik at det ikkje etablerast nye hyttefelt og spreidd fritidsbusetnad i desse områda. Omsynssoner er også eit verkemiddel som nyttast for å sikre beiteressursane.

#### **4.6.6. Verneområde/-interesser**

Langsua nasjonalpark (200 km<sup>2</sup> i ØS) vart oppretta 11. mars 2011, og er ei samanbinding med 6 gamle og nye naturreservat og 4 nye landskapsvernområde. Frå landbruksnæringa blir det rapportert at forvaltninga av verneområda kan opplevast byråkratisk. Kommunen, fjellstyret, landbruksnæringa og parkforvaltninga har hatt prosessar og drøftingar for å finne system, samordning og samarbeid for å gjere forvaltninga best mogleg for alle partar og omsyn.

Verneområda i Langsua inneholder store beiteressursar, og det er mykje dyr på utmarksbeite, hovudsakleg sau, men òg storfe. Dei siste åra har talet på kjøttfe auka betydeleg.

Frå forvaltningsplanen for Langsua ser vi under «Overordna retningslinjer for jordbruk»: *Vernebestemmelsene er ikke til hinder for tradisjonell jordbruksvirksomhet med beite- og støls-/seterbruk. Tilleggsnæringer kan tillates innenfor rammen av verneformål og vernebestemmelser. Bestemmelsene er heller ikke til hinder for bruk og vedlikehold av bygninger, anlegg og innretninger i forbindelse med slik virksomhet, eller oppsetting av saltstein, merkeavlesere og tilsvarende innretninger i forbindelse med husdyrbeiting.*

*Det skal legges vekt på at tiltak i jordbruket er natur- og miljøvennlige, slik at de oppfyller naturmangfoldlovens krav til bærekraftig naturbruk (nml kapittel II).*

*Driftsformer som fremmer og bevarer det biologiske mangfoldet og viktige landskapsverdier skal stimuleres. Et målretta beitebruk som bevarer sårbare arter og naturtyper er ønskelig».*

Tiltak for utøving av stølsdrift og beitedrift er, med nokre få unntak, ikkje søknadspliktig. Det same gjeld bruk og vedlikehald av anlegg, innretningar og bygningar som er direkte knytt til jordbruksdrifta. Vernebestemmingane er dermed ikkje til hinder for den vanlege

jordbruksutøvinga, men krev søknad dersom det er snakk om naturinngrep, nybygging/ombygging, tiltak som rører ved kulturminne eller aktivitet med vesentleg forureiningsfare.

For meir informasjon om kva som er søknadspliktig eller ikkje, kan ein kontakte Langsua nasjonalparkstyre.

Haldorbu landskapsvernområde (59 km<sup>2</sup>) vart oppretta 11.mars 2011.

Kjølaåne naturreservat (20 km<sup>2</sup>) vart oppretta 11. mars 2011.

Når det gjeid frivillig vern er det av avgrensa omfang. Det er usikkert om det i dag blir arbeidd med slike saker.

#### **4.6.7. Karbonbinding, CO<sub>2</sub> og klimapåverknad**

Jordbruksproduksjon er basert på opptak av CO<sub>2</sub> gjennom fotosyntese – ikkje utslepp. Bønder har denne kunnskapen og kan med stoltheit formidle at dei er fotosynteseforvaltarar. I klimadebatten er det viktig å ta utgangspunkt i at det er fotosyntesen og karbonkretsløpet som er utgangspunktet for produksjonen.

Mindre kraftfôr og meir beite er positivt for klimagassutslepp. Ifølgje Sabima er utfordringane knytt til importert kraftfôr, som legg beslag på store areal i andre land. Samstundes gjev kraftfôrbasert produksjon mindre klimagassutslepp enn utslepp frå drøvtyggjarar, og bruk av kraftfôr til drøvtyggjarar kan redusere metanutslepp per dyr og produsert eining.

Det kan ligge eit større fortrinn i karbonbinding i jord i utmark, men det er betydeleg usikkerheit i estimat for slike effektar. Ifølgje Miljødirektoratet manglar det kunnskap om netto karbonbinding i jord under ulike forhold som arealbruks historikk, beiteregime, alternativ bruk, naturgrunnlag og værforhold. Dette er derfor eit vanskeleg tema, som vi ikkje klarer å lande her, og der meir forsking trengst. Ut frå teoretiske anslag er det likevel grunn til å tru at utmarka i ØS netto kan binde karbon i jord tilsvarande meir enn 1 mill. kg CO<sub>2</sub> i reduserte årlege utslepp, som resultat av beitebruka.

Om lag 1/3 av jordbrukets klimautslepp er knytt til lystgass, der nitrogengjødsel og andre innsatsfaktorar er hovuddrivvarar. Fordelen med utmarksbeite er at slike innsatsfaktorar ikkje nyttast, og potensialet for reduserte klimagassutslepp ved bruk av ugjødsla (og svakt gjødsla) areal kan vere betydelege. Beiting på myrareal er òg interessant, fordi myr avgjer metangass, der fersk plantemateriale betyr mykje. Når

beitedyr tek opp denne myrvegetasjonen kan metanutsleppet frå myra reduserast, og netto blir dermed metanutsleppet til dyr i produksjon mindre.

Utslepp frå landbruket kan ikkje eliminerast, men reduserast. Hovudsakleg må dette takast på bruken av fulldyrka areal. Betre utnytting av husdyrgjødsel og unngå tap og lystgassdanning frå jordsmonnet. Utmarksbeite er gratis fôr, som ikkje kan forelast på annan måte enn gjennom drøvtyggjarar, og er kanskje den mest berekraftige delen av norsk landbruk.

#### **4.6.8. Informasjon og kommunikasjon**

Manglande kunnskap om beitedyr og rett oppførsel i område der beitedyr ferdast er ofte årsak til både konfliktar og farlege situasjoner. Laushundar på beite er eit eksempel på ei aukande utfordring som beitenæringera rapporterer om. Møte med storleflokkar i utmarka er eit anna eksempel, der farlege eller uønskte situasjoner kan bli ungått ved korrekt oppførsel. Det kan òg nemnast problematikk rundt gjerder, som både kan vere ulovlege og farlege for beitedyra. Enkle handlingar, som å lukke grinder, kan ha stor betydning for gjennomføring av beitebruk. Dette er nokre eksempel på utfordringar der informasjon og kommunikasjon er viktig, som tiltak for å avgrense uønskt åtferd og auke medvitet om konsekvensane av handlingar.

#### **4.6.9. SMIL – Ordninga**

For å skape eit lokalt landbrukspolitisk engasjement fekk kommunane frå 1. januar 2004 overført vedtaksmynde for bruk av dei landbrukspolitiske verkemidla etter forskrift for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL).

Formålet med SMIL-tilskot er å fremje natur- og kulturminneverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere ureining frå jordbruket. SMIL-ordninga skal kunne støtte tiltak som fell utanfor andre tilskotsordningar, eller stimulere til tiltak som har stor samfunnsnytte, men låg privatøkonomisk nytte. Ordninga skal støtte tiltak som går utover det som kan forventast gjennom vanleg jordbruksdrift.

SMIL-midlane skal nyttast til tiltak innanfor følgjande miljøtema: kulturlandskap, biologisk mangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, avrenning til vatn, utslepp til luft og plantevern.

Målet for ordninga i ØS er å bidra til å fremme god utnytting av beiteressursen i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområde. Prosjekt og

tiltak prioriterast ut få lokale målsetningar og strategiar. I ØS har tilskot i stølsområda høgast prioritert, samt kulturlandskapstiltak som til dømes bruk av elektroniske beiteklaver. Tilskot knytt til freda/verneverdige bygg, og biologisk mangfald. Gjerdetilskot gjeld berre for tiltak i stølsområda.

Meir om SMIL-ordninga finst i *Tiltaksstrategi for Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL)* og *tiltak i beiteområde for Øystre Slidre kommune, 2024 – 2027*.

#### **4.6.10. Beitebruk – Elektronisk overvaking**

Behovet for styring av beitebruken gjeld i fyste rekke storfe. Det kan vere GPS-merking for å til ei kvar tid ha kontroll på beitedyra og moglegheit til å avgrense trekkruter og unngå at dyr frå fleire område blandar seg til store flokkar.

Det er i dag fleire system for elektronisk overvaking av husdyr, der radiobjøller på dyra kan følgjast med GPS-lokalisering. Dette er no ein godt utprøvd teknologi, og fungerer særleg godt på flokkdyr. Behovet for å merke nokre enkeltindivid i flokken gjer moglegheitene for tilsyn og oppfølging av dyra enklare og betre. Kostnadene er òg overkommelege med denne sporingsmetoda. Teknologien er òg i bruk på sauerasar med mindre flokkinstinkt. Det vil vere eit skilje i teknologival mellom område med og utan mobilnett-dekning. Utan mobilnett finst det e-bjøller som kommuniserer via satellitt. Kommunikasjon til og frå bjølla krev mobilnett, og gjev moglegheiter til å styre sporingsintervalla gjennom beitesesongen.

Elektroniske beiteklaver kombinerer elektronisk overvaking med eit virtuelt grensegjerde lagt inn på eit digitalt (data) kart. Når dyra kjem nær inntekna kartgrense, blir det gitt signal i form av lyd og deretter ein elektrisk puls gjennom klaven. Dyra lærer ofte raskt å stoppe ved dette virtuelle gjerdet. Elektroniske beiteklaver har vore brukt kommersielt på storfe, geit og sau sidan 2020, med godt resultat. Det er tilrådd å ha elektroniske beiteklaver på alle vaksne dyr, og dette kan derfor bli kostbart for småfebesetningar. Teknologien er interessant og vil kunne påverke moglegheitene for utnytting av beite i utmark.

Det vert opna opp for bruk av SMIL tilskott frå kommunen til bruk på elektroniske beiteklaver og andre elektroniske klaver. Dette er ein tilskotsordning ein framleis kan nytte seg av.

#### **4.6.11. Beitebruk - Sperregjerder**

I dag er det fleire eksisterande sperregjerde som er i drift og fungerer nokolunde, i kombinasjon med ferister. I 2012 blei det etablert eit sperregjerde ved Beitostølen over Ukshovdvegen og forbi Valstadstølen, og eit gjerde frå Olevatnet mot Grønekinnkampen, for å hindre at beitedyr kom inn i bustad- og hytteområde. I 2019/2020 blei det etablert sperregjerde ved Vangsjøåne.

Rundt Haldorbu er det ei beitehamn med til saman 26 km gjerde, og er grunnlaget for Haldorbu fellesdrift. Dette er ei av dei største inngjerda beitehamnene i gamle Oppland fylke.

Sperregjerder kan brukas for å styre målretta beiting, som f.eks. sambeiting med dyregrupper, inndeling av dyregrupper (bl.a. rundt/mot stølslag), påverke gjengroing eller beitetrykk og kan særleg ha ein funksjon i/mot skogbelte. Dersom det er aktuelt å flytte besetningar til andre område eller halde beitedyr innanfor eller utanfor eit avgrensa areal kan behovet tvinge seg fram.

Gjerding er arbeidskrevjande, og det er nokre utfordringar med å finne villige til å vere ansvarlege for slike tiltak. Gjerde gjer det enklare å halde tilsyn med dyr, men vil òg utgjere ein risiko for beitedyr og medføre auka belastning i høve til tilsyn og gjerdevedlikehald.

Sperregjerde kan gjerast nokså enkle med 1-4 straumtrådar, alt etter behovet. Prisen vil då bli frå om lag 60 kr per meter. Slike gjerde må normalt leggjast ned utanom beitesesongen. Nasjonalgjerde med bølgjetråd kan vere dobbelt så dyrt, men krev mindre vedlikehald. Permanente gjerde vil i nokon grad vere til hinder for jaktutøving og turgårar.

Type gjerde har tyding for vedlikehaldsbehovet og omsynet til anna ferdsel i området. Auka bruk av turstiar aukar behovet for grinder og gjerdeklyv for passering.

Sperregjerde / inngjerdingar over eit visst omfang må søkjast om etter plan- og bygningslova.

#### **4.7 Lovverk**

Normal har alle gardsbruk i ØS beiterett i utmark, og for nær alt utmarksareal er det knytt eitt eller fleire gardsbruk med beiterett. Slike rettar er i regelen omtala i gamle dokument (som utskriftsprotokollar og skylddelingsforretningar). I utgangspunktet er beiteretten knytt til hevd og den del av bygda som gardsbruket opphavleg sokna til. I

den grad det er tvistar eller uklart kor langt beiteretten strekk seg kan det vera ei sak for jordskifteretten.

Beitedyr kjem ofte over i områder der dyreeigar ikkje kan hevde beiterett for gardsbruket sitt. I slike tilfelle er det gjerne tale om ein praksis med streifbeiting, og der dyra kan gå ei viss tid sjølv om dyreeigar er klar over at han ikkje har beiterett i det området.

Streifbeiterett er ikkje nedfelt i lov eller forskrift, men det har vore rettsavgjelder knytt til temaet. Streifbeiting kan ikkje utan vidare nyttast som regelmessig praksis over lengre tid og over større avstandar.

### **Aktuelle lover og forskrifter:**

Beitebruk i utmark er regulert gjennom mange lover. Plikter og rettar i samband med beitebruk er i tillegg nedfelt i ei rekke forskrifter. Viktige lover og forskrifter som styrer arealbruken i utmarka og som påverkar beiteinteressene er lista her:

#### **Lover:**

- **Beitelova** (Lov om ymse beitespørsmål av 1961).

*Beitelova regulerer rettar og plikter i samband med husdyr på beite, samt beiteregulering.*

- **Dyrevelferdslova** (Lov om dyrevelferd av 2009).

*Omhandlar m.a. bruk av piggtråd, merking av dyr, transport, tilsynsvedtak og kompensasjon.*

- **Fjellova** (Lov om utnytting av rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane av 6. juni 1975).

*Fjellova regulerer rettar og forvaltning i statsallmenning, m.a. retten til allmenningsbruk, beite, utvisning og bortfall av seter og tilleggsjord.*

- **Gjerdelova** (Lov om grannegjerde av 1961).

*Gjerdelova regulerer plassering, utforming og vedlikehald av gjerder, rettar og plikter i samband med gjerdehald og gjerdeskjønn. Den einskilte kommune kan fastsetje vedtekter om gjerdehald som går ut over dei reglar som gjeld etter lova.*

- **Hanndyrlova** (Lov om avgrensing i retten til beite for hanndyr av 1970).

- **Hundelova** (Lov om hundehald av 2003)

- **Jordlova** (Lov om jord av 1995).

- **Naturmangfaldlova** (Lov om forvaltning av naturens mangfald 2009).

- **Motorferdselslova** (Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 1977).

- **Plan- og bygningslova** (Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 2008).

- **Sameigelova** (Lov om sameige av 1965).

- **Viltlova** (Lov om jakt og fangst av vilt av 1981)

## Forskrifter:

- Forskrift om **erstatning for tap og følgjekostnader når husdyr blir drept eller skada av rovvilt** (1999 med endring i 2014).
- Forskrift om **forvaltning av rovvilt** (Rovviltforskrifta, 2005 med endring i 2013)
- Forskrift om **hundehald, Øystre Slidre kommune, Innlandet (2023)**

*Øystre Slidre kommune vil med denne forskriften legge til rette for eit hundehald som legg vekt på tryggleik og alminneleg ro og orden. Formålet er å redusere konfliktnivået mellom hundeeigar og allmenta, samt medverke til at hundar ikkje jagar eller skader bufe.*

- Forskrift om **tilskot til førebyggjande tiltak mot rovviltskader og konfliktdeempande tiltak** (2013).

*Målet med tilskotsordninga er å sikre iverksetjing av effektive førebyggjande tiltak for å avgrense dei skadane rovvilt kan forårsake på produksjonsdyr i landbruket, samt konfliktdeempande tiltak for å avgrense ulemper for lokalsamfunn og andre grupper.*

- Forskrift om **tilskot til tiltak i beiteområder** (2013).

*Målet med tilskotet er å legge til rette for god utnytting av beite i utmark, redusere tap av dyr på utmarksbeite og fremme fellestiltak i beiteområda.*

- Forskrift om **tiltak mot sjukdommer og zoonotiske agens hos dyr**
- (dyrehelseforskrifta) (2002, rev 2020)
- Forskrift om **transport av levande dyr** (2001).
- Forskrift om **velferd for småfe** (2005).

### 4.7.1 Beiterett

Ein beiterett er retten ein har til å sleppe dyr på beite. Beiterett kan ein ha på privat grunn, anten på eigen mark eller på andre sin eigedom, eller på offentleg grunn, som i bygdeallmenningar eller statsallmenningar.

Beiterett i utmark kan ha ulike rettslege grunnlag. Ein kan ha beiterett fordi ein eig grunnen sjølv, noko som vil seie at retten er ein del av grunneigarretten. Alternativt kan ein ha beiterett på ein annan sin eigedom, som då vil vere ein avgrensa rett (servitutt)

over den andre sin grunn. Ein beitebrukar kan ha beiterett på ein annan sin grunn anten åleine eller saman med grunneigar eller fleire andre beiterettshavarar.

Dei spesifikke lovene som regulerer beiterett er:

1. Beitelova: Regulerer retten til beiting og ansvar for dyreeigarar.
2. Grannegjerdelova: Omhandlar plikter og rettar knytt til gjerdehald mellom naboar.
3. Jordlova: Inneheld reglar for bruk og forvaltning av jordbruksareal, inkludert beiteområde.

Avtalar om beiterett utanfor statsålmenninger er privatrettslege.

Kommunen har dermed ikkje direkte styringsrett over avtalar om beiterett.

Administrasjonen presiserer at omsynssone landbruk og beiterett er uavhengig av

kvarandre, og at utforminga av omsynssone for landbruk baserer seg på

beiteressursar, og ikkje beiterett. Likevel har kommunen ei viktig rolle i å sikre at slike avtalar følgjer gjeldande lover og reglar.

#### **4.7.2 Gjerder**

Oppføring av gjerde er ikkje eit søknadspliktig tiltak. Gjerder av eit visst omfang og størrelse, som eit sperregjerde, vil likevel vere søknadspliktig. Oppføring av elektrisk gjerde er forbode. I Statsallmenning er oppføring av gjerder eit søknadspliktig tiltak, uansett størrelse og omfang.

Ved oppføring av eit søknadspliktig gjerde skal søker sende søknad på høyring til grunneigarsameige og beitlag. Kommunen kan setje vilkår om utforming, vedlikehald og tilsyn for å unngå skader på bufe. Grinder skal slå utover. Der det er naturleg i høve til avstand mellom tomter kan kommunen gje løyve til gjerde inne inntil 500 m<sup>2</sup> rundt bygninga på einskildtomter. For å redusere konfliktane mellom utbyggingsinteresser og dyrehald, skal det vere handsaming av reguleringsplan for eit område takast stilling til om det skal førast opp gjerder rundt kvart utbyggingsområde.

Dessverre forfell gjerder mange stader, noko som kan setje både husdyr og vilt i fare. Slike gjerder må difor vedlikehaldas eller takast heilt ned. I hytteområde og på landbrukseigedomar blir det i tilfelle brukt straumgjerde som ikkje er tilkopla straum, noko som gjer desse til potensielle dødsfeller for beitande husdyr og vilt. Dei treng derfor jamleg og hyppig tilsyn, og er derfor ikkje eigna for bruk i utmark.

Mattilsynet kan gjera vedtak om fjerning av gjerder, som er til fare for beitande bufe, når gjerdehaldar ikkje viser til å etterkoma kravet om å rydde opp etter § 15 i Lov om dyrevelferd. Mattilsynet kan bruke opptrappande verkemidlar, t.d. tvangsmulkt.

Det kviler erstatningskrav for skader som oppstår ved manglande vedlikehald.

### **4.7.3 Bandtvang**

Hunder kan berre vere lause når dei blir følgt og kontrollert på ein aktsam måte. Ordinær bandtvang er frå og med 1. april til og med 20. august. Øystre Slidre kommune har ei lokal forskrift om hundehald som mellom anna angir forlenga bandtvang i område der bufe har rett til å beite og faktisk beitar frå og med 21. august til og med 30. september (jf. § 3. i lokal forskrift).

Med bandtvang meiner denne forskriften at hunden skal haldast fysisk i band eller vere forsvarleg inngjerda eller innestengt.

Avgjerda om utvida bandtvang gjeld ikkje hundar som nyttast til dei formål beskrive i hundelova § 9, som blant anna hundar med særlege bruksformål (gjetarhund, osv.), hundar som brukast til ettersøk eller hundar i teneste (politi, redning, osv.)

Jf. § 28 i hundelova kan brot på lova og forskrifter medføre bot.

### **4.8. Kommuneplanens arealdel og omsynssoner**

Utnytting av beiteressursane er ein sentral del av grunnlaget for landbruksdrifta i Øystre Slidre kommune, kor stølsdrifta har vore og framleis er viktig for ressursutnytting og husdyrhald. Det å kunne bruke innmark til vinterfôr, og utmarksbeite så lenge det var mogleg utover hausten, har danna grunnlaget for dei relativt små besetningane som er i kommunen. I tillegg til å vere ein viktig fôrressurs, er beiteareala viktige kulturelement i landskapet høve til tradisjonar i landbruket og samfunnet rundt. Langvarig beiting og slått har òg skapt eit unikt biologisk mangfold. I dag er fleire av slått- og beiteartane på stølsvollane raudlista, og vidare drift er avgjeraende for å bevare både kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet.

I regi av «Stølsprosjektet» i ØS frå tidleg 2000-talet vart stølsvråda kartlagt med omsyn til naturgrunnlag, kulturmiljø, bygningsmasse, infrastruktur og bruk/drift. Kartlegginga vart gjennomført som eit samarbeid mellom kommunen og stølbrukskarane med den hensikt om å sikre kunnskap stølbrukskarane satt med om sine eigne stølsvråde. Formålet med kartlegginga var å danne eit grunnlag for arealplanlegging, berekraftig bruk, forvaltning og utvikling av landbruk og andre næringar. Resultata vart samla under tre hovudtema: *naturforhold*, som syner stølsfjellet sitt fysiske grunnlag og økosystem,


*landbruksnæring* som syner haustinga av primærproduksjonen, først og fremst gjennom beitedyr, og *kulturmiljø*, som omfattar alle menneskelege uttrykk som pregar stølsfjellet.

Desse tre hovudtema er framleis å finne i dagens kommuneplans arealdel (KPA) i form av omsynssoner. Formålet til desse omsynssonene er å vise kva for spesielle omsyn ein må ta når arealbruken frå plankartet blir gjennomført. Ein av dei omsynssonene som rører ved beiteområda i ØS, er omsynssone landbruk. Her er landbruksinteressene høgt prioritert, og areala innanfor denne sona skal ikkje omdisponerast til andre formål.

Tiltak i sona må ikkje forringe eller skape driftsulemper for landbruksområdet. Andre omsynssoner som rører ved beiteområda er omsynssone kulturmiljø og omsynssone naturmiljø. Omsynssone kulturmiljø omfattar areal som inneheld svært mange kulturminne med hovudvekt på spor etter stølar og jernutvinning, medan omsynssone naturmiljø omfattar naturtypar som er sentrale for å ivareta artsmangfaldet og økologien i naturen.

Desse omsynssonene har i stor grad dei same måla som «*Stølsprosjektet*» frå 20 år sidan, kor hovudformålet var å verne landbruket, særleg beiteområda. Omsynssonene er i samsvar med plan- og bygningslova §11 – 8, bokstav c, og har den hensikt å framheve eit fokus og behov for å verne om ressursane slik at dei ikkje blir negativt påverka av utbygging eller andre tiltak som kan redusere kvaliteten på beiteområda. Slike soner skal òg leggje til rette for næringsutvikling innanfor landbruket, ved å sikre at beiteområda blir brukt og utvikla på ein berekraftig måte.

Figur 16 viser eit grunnlagskart for definering og avgrensing av stølsområde basert på data frå «*Stølsprosjektet*». Kartet vert utarbeida for å syne område med stølsmiljø, basert på beitebruksområda kring stølane definert av stølseigarane. Ei nærmare omtale av kriterium for definering og avgrensing av stølslag/kulturmiljøområde, samt utarbeidning av kulturmiljøindeks, finn ein i den nemnde rapporten.



Figur 16: Kartet syner resultatet av ei analyse basert på den vedtekne hovuddefinisjonen av stølsområde, frå Stølsprosjektet 2003 – 2005.

Ei omsynssone kan supplerast med retningslinjer som gir føringar for korleis disponeringa skal praktiserast jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 11-8 tredje ledd, bokstav c, og fjerde ledd. Desse retningslinjene må vere tilpassa den lokale situasjonen og sørge for ei balansert handtering av utbyggingsbehovet og vern av landbruket. Dette kan inkludere presiseringar om kor og når omdisponering av landbruksområde kan tillatast, for å sikre at landbruksinteressene blir vektlagt tungt i planprosessane. Omsynssone landbruk har som nemnt som hovudmål å sikre beiteressursane og styrke beitekvaliteten i eit område.

Det er viktig å presisere at plasseringane av omsynssonene ikkje har noko med beiterett å gjere, då dette er eit privatrettsleg forhold heimla i jordlova. Utforminga av ein slik omsynssone baserer seg på beiteressursar, og ikkje beiterett. Plasseringa eller ei eventuell endring av omsynssone landbruk betyr ikkje at det er endringar i beiteretten i området. Omsynssone landbruk fungerer heller ikkje som eit prioriteringsområde for tiltak. Det vil likevel vere nødvendig å få grunneigar si løyve for å drive barmarksarbeid / gjennomføre tiltak knytt til landbruk.

Øystre Slidre kommune har satt følgjande bestemmingar og retningslinjer for omsynssone landbruk:

### 9.2 Omsynssone landbruk

*Omsynssone landbruk omfattar areal der landbruksinteressene skal ha høg prioritet. Tiltak innanfor denne sona skal ikkje forringe eller føre til driftsulemper for landbruket, og det skal takast særleg omsyn til beiteinteresser og stølsdrift. Areala innafor denne sona skal ikkje omdisponerast til andre formål, men det kan gjevast løyve til fysiske tiltak som går under landbruksformål. Kulturlandskapsomsyn skal leggast vekt på ved handsaming av enkeltsaker etter jordlova og ved eventuelle søknadar om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Kapittel 5.3 er retningsgjevande for utforming av eksisterande fritidsbustader innanfor omsynssone landbruk. Fysiske tiltak for tilrettelegging for friluftsliv, på barmark i beitesesongen skal ikkje føre til driftsulemper for beitebruken i omsynsona.*

## 5. Tiltaksdel 2025-2029

I dette avsnittet er tiltaka som er med i handlingsplanen gjeldande for 2025 – 2029 beskrive. Nokre av desse er ein vidareføring frå den tidlegare beitebruksplanen, medan andre er nye.

Kommunestyret tek stilling til løyving til tiltaka i handlingsplanen i samband med den årlege revideringa av økonomiplanen.

### 5.1. Utgreie behovet for sperregjerder, klargjering av ansvar (eigar, vedlikehald) og finansiering av slike tiltak

Sperregjerdet på Beitostølen er mellombels godkjent, og kommunen må gjere eit endeleg vedtak om løyve til å ha gjerdet ståande. Arbeidet med dette er påbegynt, i samband med beitebruksplanen og revideringa av kommuneplanens arealdel. Det er ikkje inngått nokon avtale med grunneigar om å ha sperregjerdet sett opp på deira

eigedom, noko som bør kome på plass. Frå kommunen si side er det også ønskeleg å få avklart ansvaret for ettersyn og drift av sperregjerdet. Drift av eit sperregjerdet er i utgangspunktet ikkje ei kommunal oppgåve, men kommunen kan gje økonomisk støtte til drift av gjerdet. Plassering av sperregjerdet gjev inga føringar for arealføremål. Sperregjedet verkar heller ikkje inn på privatrettslege tilhøve som beiterettar m.v. Eit endeleg vedtak på sperregjerdet vert fatta når grunneigaravtale er på plass, og målsetjinga i handlingsplanen er sett til 2025. I samband med dette skal det etablerast klare føringar for driftsansvar og eigarskap.

Det har vore reist spørsmål om beitegjerde ved Yddin, utan at prosessen har kome lengre.

I konfliktfylte område kan sperregjerde vere gode tiltak, om det blir organisert på ein god måte, og vedlikehalde godt, med klare føringar for kven som har ansvaret for drifta. Når det er etablert klare føringar for ansvarsfordeling knytt til drift og eigarskap av sperregjerda, kan det vurderast frå kommunen sin side å sjå på sperregjerde andre stader i kommunen. Eit område som er nemnt tidlegare, er ved Yddin Fjellstogo, kor det i dag går store flokkar med ammekyr som skapar utfordringar mellom turistar, hyttefolk og beitebrukarar.

## 5.2. Geit som kulturlandskapsprosjekt

For geitebøndene er det mindre grad av teknologisk rasjonalisering, samanlikna med i kumjølkproduksjonen, og det er ikkje mange alternativ til tradisjonell stølsdrift. Greier ein å halde oppe geitemjølk-produksjonen i ØS vil stølsdrifta halde fram med dei positive effektane det har på utmarka. Geita er kjend som det beitedyret som beitar mest på buskar og tre, og ein auke av geitetalet vil vere positivt for å hindre attgroinga i stølsområda. I «geitebygda» Lykkja er det døme på fråvær av støling, men med aktiv beitebruk i utmark.

Støsstilskotet er i dag eit positivt insitament til vidare drift, men det er viktig at dette blir halde oppe og følgjer kostnadsutviklinga i samfunnet. Det kan vere vesentlege kostnader til lønn, infrastruktur og ulike investeringar, men det er også betydelege verdiar i beiteressursen.

Ammegeit eignar seg særleg for utleige, med formål som kulturlandskapspleiar. Potensialet i dette bør undersøkjast, og takast inn som tiltak i handlingsplanen. Det kan nemnast at lettare sauerasar kan ha noko av den same effekten som geit, sjølv om evna til ringbarking hjå geit er unik. Med bruk av til dømes elektroniske klavar kan ein styre beitinga i områder som treng pleie.

### **5.3. Utarbeide og vedta Beredskapsplan**

Beredskapsplan i denne samanhengen har i første rekke som mål å sikre nødvendige opplysningar om beitedyr, dyreeigarar og beitelag til bruk under skadefelling av rovdyr, og kva tiltak og ansvarsområde ulike aktørar kan og skal halde seg til.

Kommunen har ikkje ein vedteken beredskapsplan. Vi har derimot ein praksis for informasjon, tilsyn, beredskapstelefon, tiltaksutvikling og førebygging. Det vil derimot vere viktig å få på plass ein godt formalisert plan på området. Dette kan sikre at viktige element ikkje blir sovande og utdatert over tid.

Kommunen har dei siste 8 åra hatt ein løna tilsynsgjetar i beitesesongen (ca. kr 60000 årleg, inkludert kadaversøk ved behov), som eit førebyggjande tiltak, finansiert av tilskot gjennom statleg ordning og kommunen.

Vi legg opp til eit tiltak i handlingsplanen for å få på plass ein beredskapsplan, som mellom anna bør ha som mål å:

- førebyggje tap og skade på husdyr på utmarksbeite.
- fange opp akutte tilhøve i beiteområda.
- plassere ansvar og klargjere gjennomføring av tiltak
- vurdere behov/kostnad ved etablering av beredskapshamner
- få på plass køyrereglar for samhandling i skarpe situasjonar med rollefordeling (politi, fellingsleiar, dyreeigarar mfl.).

### **5.4. Informasjons- og kommunikasjonsarbeid**

Som beskrive i delkapittel 5.1. er det store utfordringar knytt til manglande kunnskap om beitedyr og god åtferd i område der beitedyr ferdast. Kunnskapsmangel fører til auka konfliktnivå og farlege situasjonar. Ein ide er lansert på å finne tema der gode infovideoar kan lagast til bruk på sosiale medium. Dette bør vurderast som mogleg prosjekt. Kva kan skje når du slepp hunden laus, kastar søppel som dyr får i seg, matar dyr op beite etc.? Dette er aktuelle tema som kan reisast i informasjonsarbeidet.

Informasjon til born og unge via sosiale media kan vere ein god strategi. Det bør undersøkjast om samarbeidspartner på nasjonalt nivå har interesse i denne typen tiltak. Nasjonalt senter for fjellandbruk er også ein mogleg samarbeidspartner. Digitale

informasjonskanalar som Visit Valdres, Visit Beitostølen, Langsua Nasjonalpark og DNT sine plattformar kan bli nytta til å spreie informasjon via internett.

Anna type informasjonsarbeid kan vere god annonsering på nettsider og i avis i beitesesongen for å opplyse om «kuvettreglar» og god åtferd i beiteområda, samt bandtvangen. Fysiske skilt i stølsområda som informerer om dette er også eit mogleg tiltak.

Det blir i handlingsplanen lagt opp til at beiteutvalet får ansvaret for det generelle informasjonsarbeidet årleg. Det bør då prioriterast mellom aktuelle utfordringar og skissert korleis det skal informerast (til dømes bruk av nettsider, skilting, media, brev eller varsling) og ansvar for informasjonen må klarleggast. Årlege møter i beiteutvalet i god tid før beitesesongen startar er viktig for å få lagt planar som kan vere klare til dyra er ute på beite. Kommunen er sentral samarbeidspartner, i tillegg til mellom anna fjellstyret, politi og nasjonalt senter for fjellandbruk.

## **5.5. Prosjekt sambeiting**

Småfe og storfe har ulike beitepreferansar, og sambeiting med til dømes sau, geit og kyr vil gi beiting på eit større spekter av plantane som veks i beitet. Dette fører til betre utnytting av beite, samt at konkurransen mellom sau og kyr vil vere mindre jo større variasjon det er i beitet, noko som er eit argument for sambeiting i utmark. Ved å legge til rette for inngjerda fellesbeite i utmarksområda nær stølane, kan sambeiting fungere fint, samstundes som det vil hindre attgroing på ein betre måte.

Beitelaga vil i handlingsplanen vere ansvarlege for prosjektutarbeidingsa, med kommune og faglag som samarbeidspartnerar.

## **5.6. Komplettering av vegetasjonskartlegging**

Det manglar framleis vegetasjonskartlegging av viktige område i utmarka. Med bakgrunn i gjeldande kartleggingsstatus blir det lagd inn eit tiltak i handlingsplanen for å utvikle eit prosjekt på ytterlegare komplettering, og der behovet skal vurderast og grunngjenvæst. Det skal òg lagast ein realistisk finansieringsplan for tiltaket. Det bør vere eit mål at vegetasjonskartlegginga kompletterast i slutten av denne planperioden.

## **5.7. Beiterydding – Beitefremjande tiltak**

Punkt 5.2 og 5.5 beskriver tiltak som kan bidra til å redusere attgroing, og på den måten fungere som eit beitefremjande tiltak.

Det kan òg utførast ryddetiltak på beiteområda for å auke beitekvaliteten (mengde og kvalitet), samstundes hindre attgroing og fungere som kulturlandskapsstell. Dette kan vere tiltak som tynningshogst og/eller krattknusing for å opne opp for beitedyra og potensielt betre beitekvaliteten.

Fleire beitefremjande tiltak kan dekkast av SMIL-midlar.

## **5.8. Aksjon for fjerning av farlege gjerde**

Kommunen forsøkte førre planperiode å gjennomføre aksjonar på ulikt vis, med dårlig resultat. Vurdering av dette tiltaket ligg i vedlegg 2.

Administrasjonen hadde på bakgrunn av låge resultat valt å ikkje vidareføre finansiering av slike typar aksjonar, men på grunn av tilbakemeldingar med ynskje om å vidareføre arbeid med gamle /farlege gjerde så vidareførast tiltaket.

Organisering av tiltaket vil bli annleis enn i førre planperiode, kor fokuset vil ligge på korleis kommunen kan arbeide for og motivera til vedlikehald og fjerning av farlege gjerde. Dette tiltaket fell derfor under tiltaket for informasjonsarbeid, kor ordninga for fjerning av piggtråd allereie er i verksemد og at ein kan få tilskot til forbetring av gjerde under SMIL-ordninga. Informasjon om gjerdehald i beiteområde til hytteeigarar/fritidsbrukarar er òg noko som bør informerast betre om. Administrasjonen er open for innspel/forslag på korleis dette kan organiserast videre.

## **5.9 Utforming av omsynssone landbruk**

I samband med revidering av kommuneplanens arealdel har vi no toatlt 11 omsynssoner for landbruk. For omsynssoner er det i kommuneplanens arealdel føreslått følgjande føresegner:

*«Omsynssone landbruk omfattar areal der landbruksinteressene skal ha høg prioritet. Tiltak innanfor denne sona skal ikkje forringe eller føre til driftsulemper for landbruket, og det skal takast særleg omsyn til beiteinteresser og stølsdrift. Areala innafor denne sona skal ikkje omdisponerast til andre føremål, men det kan gjevast løyve til fysiske tiltak som går under landbruksføremål.*

*Kulturlandskapsomsyn skal leggast vekt på ved handsaming av enkeltsaker etter*

*jordlova og ved eventuelle søknadar om dispensasjon etter plan- og bygningslova. Kapittel 5.3 er retningsgjenvende for utforming av eksisterande fritidsbustader innanfor omsynssone landbruk. Fysiske tiltak for tilrettelegging for friluftsliv skal ikke føre til driftsulemper for beitebruk i omsynssona».*

Administrasjonen vil, saman med beiteutvalet, gå gjennom alle omsynssoner for landbruk. Det skal vurderast storleiken på sonene, om andre områder i kommunen bør ha omsynssone landbruk og aktuelle beitefremjande tiltak m.v.. Resultatet av dette arbeidet skal takast med inn i fyrste rullering av beitebruksplanen og ved rullering av kommuneplanen sin arealdel.

## **5.10 Utgreie korleis sikring av drikkevasskjeldene vil påverke beitebruken og korleis beitebruken påverkar drikkevasskjeldene**

I samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen, har Norconsult på vegne av kommunen gjennomført ei farekartlegging for alle drikkevasskjeldene våre. Kommunedirektøren vil peike på at ei sikring av drikkevasskjeldene våre ikke skal få negative følgjer for beitenæringa i desse områda. Sikring av drikkevatn i forhold til ureining frå beitedyr, må primært gjerast gjennom å ha reinseanlegg som reinsar godt nok. Det kan m.a. vera aktuelt å setje inn tiltak i bekkar, som til dømes etablering av dammar for fordrøyning, for å forsinke avrenning til område som ligg nedstrøms i periodar med høg vassføring.

Administrasjonen vil, basert på dei farekartleggingane som er gjort, og i samband med utvida konsesjon for Mellseen og revidering av VVA-planen, gjere ei grundigare utgreiling i høve til korleis sikring av drikkevasskjeldene vil påverke -beitebruken og korleis beitebruk påverkar drikkevasskjeldene. Beiteutvalet vil bli teken med i dette arbeidet, særleg knytt til å kartlegge dagens bruk av områda.

## **5.11. Prosjekt saltautomat og oppsamlarar**

Saltautomat på stein og ikkje jord er eit godt tiltak for å redusere risiko for smitte på beite. Der kor det ikkje er hensiktsmessig å plassere saltsteinane på steingrunn/fjell, kan oppsamlarar vere eit nyttig tiltak. Ein oppsamlar samlar opp rester frå saltsteinane og hindrar at det blir ein oppsamling av rester i jord, noko som reduserer smittefaren.

## **5.12. Elektroniske beiteklaver**

Gjerding er arbeidskrevjande og medføre auka belastning i høve til tilsyn og gjerdevedlikehald. Elektroniske beiteklaver kombinerer elektronisk overvaking med eit virtuelt gjerde lagt inn på eit digitalt kart. Denne teknologien blir betre, med nye funksjoner og dei er meir brukarvennlege. I tillegg er det fleire tilbydarar. Bruk av virtuelle gjerde framføre å setje opp fysiske gjerde eliminerer vedlikehaldsbehovet av gjerdene, og tida det tek å setje dei opp. Bøndene kan styre beitinga i større grad og dermed utnytte beiteressursane meir effektivt, i tillegg til at dei har betre oversikt over kor dyra er til ein kvar tid.

Utprovning av slike elektroniske beiteklaver har vore eit tiltak i førre beitebruksplan. I områder kor det ikkje er høveleg å setje opp gjerder, kan elektroniske beiteklaver fungere som eit alternativ. SMIL er ein tilskotsordning som ein kan nytte for investering av elektroniske beiteklaver.

## **5.13. Beredskapstelefon og tilsynsgjetar**

Beredskapstelefonen er eit godt verktøy for beitenæringa då det god moglegheit for publikum å melde inn om skadde eller døde dyr på beite. Den er også svært viktig å ha ved eit eventuelt rovdyrangrep, då denne er bemanna utanom arbeidstid. Tilsynsgjetar er eit godt tiltak som gjer oss betre rusta gjennom beitesesongen. Diverre får vi ikkje lengre tilskot frå Statsforvaltaren til tiltaket, men det er aktuelt å ta dette inn som eit tiltak finansiert av kommunen som del av løypeavtalane.

## **5.14. Årlege møter med beiteutvalet**

Det bør haldast eit møte før beitesesongen og eit etter beitesesongen. Det er nyttig å gå gjennom tiltak som bør bli gjennomført i løpet av beitesesongen og evaluere tiltak som er gjennomført i ettermiddag av beitesesongen. Desse møta gjer moglegheit til å utveksle erfaringar om organisering av beiting i utmark, som for eksempel bruk av beredskapstelefon, rovdrysituasjonar, beiteslepp og sinking. Ved utføring og utforming av fleire av tiltaka i handlingsplanen er det behov for kunnskap og erfaring frå beitenæringa.

## **5.15. Kurs om rettigheiter og plikter i Statsallmenningen**

Det er Øystre Slidre fjellstyre som administrerer støls- og beitebruken som går føre for seg i statsallmenningen. Etter ynskje fra beitebrukarane vil det settast i gang eit kurs/informasjonsmøte om kva rettigheitar, forskrifter og plikter som gjeld stølseigarar i statsallmenningen. Dette tiltaket vil gjennomførast i samråd med fjellstyret.

## **5.16. Kadaverhundekvipasje i Valdres**

Det er per i dag ein kadaverhund i Valdres. Det vert vurdert at ein lokal kadaverhundekvipasje i Valdres vil minske responstida. I februar i 2025 vart det søkt om midlar til kadaverhundkurs via FKT-midlar. Svar på denne søknaden vil kome i april/mai. Kadaverhundkurs må næringa sjølv organisere, men kommunen vil gje råd og vugleining i søknad om midlar.

## **6. Litteratur**

Beitekart med forskjellig type informasjon finn ein her:

<https://www.nibio.no/tema/landskap/utmarksbeite>

Kristin Daugstad og Tor Lunnan 2009. Stølsdrift i Valdres. Bioforsk Rapport, vol %, nr 55 2009

NIBIO Rapport, Vol. 3, nr. 31, 2017 – Innmarksbeite – areal og tilstand i 17 kommunar i Oppland.

NIBIO Notat 2019. Vegetasjon og beite i delar av Øystre Slidre kommune.

NIBIO Rapport, Vol. 7, nr. 85, 2021 Vegetasjon og utmarksbeite i området rundt Skagert

Skog og Landskap Rapport 07/2013. Utmarksbeite i fjellområder mellom Valdres og Gausdal.

Øystre Slidre kommune. Landbruksplan 2009-2012.

Langsua Nasjonalpark. Forvaltningsplan 2020 – 2030, Verneområdene i Langsua.